




Kløve barnehage

Visjon - Ein trygg og god stad å vera og å læra.



Dagens organisering



Kapasitetsutnyttning

Barnehageår	2014	2024
Barn under 3 år	7	12
Barn over 3 år	17	13
Total tal barn	24	25
Godkjent leike- og opphaldsareal*	364 m ²	
Nyttareal	105,1 m ²	115,6 m ²
Ledige tal plassar, areal (gjennomsnitt)**	55,6	53,4

*Barn under tre 5,3 m², store barn skal ha 4,0 m².

**I utrekningane er det rekna gjennomsnitt areal plassar 4,65

Bemanning 2024

Årsverk leiarressurs	100%
Årsverk pedagogisk leiar	300%



Annan grunnbemanning	340%
Median alder, tilsette	
Kompetansebehov – Kva manglar me?	

Grunnbemanning


Bemanningsnorm	2016	2024
Tal barn per vaksen (norm 6)	6,3	5,8

Pedagognorm

Pedagognorm	2016	2024
Tal barn per pedagog (norm 14)	10,9	18,5

Økonomi

Netto driftsresultat 2023	4 435 549,-
Netto driftsresultat 2024	3 882 398,-



*Gjennomsnitt kostnad per barn i 2024

Bygningsmasse

Byggjeår	1980		
Bruksareal	797 m²		
	Barnehagen held til i det gamle skulebygget til Kløve skule.		
	Teknisk tilstand	Funksjonelt eigna	Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta frå tabell 3-3 rapport frå Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Reiseveg til Vossevangen	9,4 km	14 min.
Reiseveg Gjernes barnehage	10,2 km	15 min.
Særlege tilhøve ved barnehagen		

1 Det er nytta google-maps for å finne reiselengd og køyretid



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Tilknytning til skular i nærområdet	Nærskulen er Palmafossen skule
Tilknytning til andre tenester	Vossevangen er nærast sentrum
Bustad og næring	Ligg i område med fleire landbrukseigedommar

Eit utdrag av tilbagemelding frå foreldre og tilsette

Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

Dette er med nøgde med

- Kunnskapsrike, engasjerte tilsette og gode relasjonar mellom dei vaksne og barna
- Barna har god plass, både inn og ute. Barnehagen har eigen «trollskogen» og kjøkkenhage.
- God informasjonsflyt heim – barnehage

Forbetringsområde

- Dagleg dialog er krunglete

Kva er viktigast for dykk som føresett når det gjeld kvardagen til borna i barnehagen?

- Trygge barn som får det oppfølginga dei har behov for, som får utfalda seg gjennom leik.
- Vaksne som møter barna der dei er, og at barna får vera seg sjølve.
- Viktig at det er ein open dialog mellom heimen og barnehagen

Kva betyr det for dykk at det finst ein barnehage i nærmiljøet?

- Kort køyrelengde til og frå barnehagen
- Auka moglegheit for å halda fram med fleire av vennane når dei byrjar på skulen
- Kjenner tilhøyrslø og felles ansvar for barnehagen

FAU om fordeler og ulemper ved strukturendring

Fordelar	Ulemper
• Barna vert kjent med fleire barn, i ein større barnehage • Meir stabilitet for dei tilsette • Dersom ein satsar på barnehagane i utkantane kan dette letta «trykket» på barnehagane i sentrum	• Endringar som kan påverka barna • Barnehagar med fleire barn gjev mindre moglegheit for individuell oppfølging • I større barnehagar med fleire barn aukar smittefaren, som kan gje meir sjukdom hjå barn og tilsette

FAU om uro ved endring av barnehagestrukturen og deira viktigast budskap

Lat barna fortsetje å glede seg til å reise i barnehagen og oppretthalde tilliten og kjærleiken dei har for dei tilsette og barnehagen sin. Er det noko som det er verdt å bruke pengar på er det at barna i Voss herad får ein trygg oppvekst og at me jobbar for å behalda dei dyrebare tilsette i barnehagane.

Innspela frå FAU, i sin heilskap finn du som vedlegg til den politiske saka.